

HØRINGSSVAR

Veivalg for fremtidig kirkeordning

Høring februar – mai 2015

Det vises til Kirkerådets høringsnotat *Veivalg for fremtidig kirkeordning*. I høringsnotatet presenteres en rekke temaer og veivalg for den fremtidige kirkeordningen med i alt 27 spørsmål.

Se bakgrunnsmateriale på denne nettsiden: www.kirken.no/kirkeordning

Høringsinstansen gjøres oppmerksom på at spørsmålene står i et visst forhold til hverandre, noe som er påpekt i teksten.

Det er også anledning til å gi svar kun på et utvalg av spørsmålene.

Hørings svar bes sendt elektronisk til post.kirkeradet@kirken.no.

(Skriv gjerne inn svarene i denne Word-fila og send den som vedlegg til epost).

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn på menighet/kirkelig fellesråd/organisasjon: **Ålfoten Sokneråd**

Adresse: **6737 Ålfoten**

Kontaktperson: **Lillian Førde Myklebust (leiar)**

Høringsspørsmålene og svar:

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar: JA!

Då Bremanger kyrkjeleg fellesråd gav uttale i samband med refleksjonsnotatet i 2012 var vårt innspel at ein burde utvide fellesrådsområda, til dømes tilsvarande dagens prostigrenser, og la arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette ligge på det nivået. Liknande svar gav vi til dep. si høyring hausten 2014. Mange andre aktørar gav liknande innspel, men dette vert ikkje avspegla i Kyrkjerådet sitt høringsnotat.

Når ein no skal teikne ein ny kyrkjemodell etter at relasjonen mellom stat og kyrkje vert endra, må ein gripe dei høve som ligg i ein ny situasjon, der heile kyrkja skal verte «herre i eige hus». Avgjerande moment som ligg i botn for våre vurderingar er at:

- Vi skal framleis ha ei landsdekkjande, engasjert og levande folkekyrkje, som sikrar alle eit kyrkjeleg tilbod, og at ein opplever eigarskap og kjenner at ein høyrer til kyrkja lokalt.
- Vi vil styrke soknet og den lokale kyrkje ved å gje soknet meir ansvar, større sjølvråderett og auka styring med dei lokale ressursar.
- Vi ønskjer ein optimal ressursutnytting, og vil derfor legge til rette for forenkla og meir ressurseffektive strukturar og bygge ned fordyrande byråkrati.

Vi ser det og som avgjerande at soknet skal vere grunneininga i Den norske kyrkje med status som sjølvstendig rettssubjekt.

Vi ser med uro på ein modell der ansvar og mynde i soknet vert overført til bispedømmerådsnivået, der t.d. dagens modell med finansiering av verksemda lokalt vil verte erstatta med ein tilskotsordning der tilskot går oppover i systemet. Ein vil då misse det nære samarbeidet med politisk styring i kommunane, og den lokale ansvarskjensle og engasjementet blant kommunepolitikarane vil kunne verte svekka.

På bakgrunn av dette ønskjer vi eit styrka mellomnivå på prostnivå, og som er soknet sitt organ, som får overført mynde og ansvar som i dag ligg hos bispedømmerådet, t.d. arbeidsgivaransvar for prestar som arbeider i kyrkja lokalt.

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar: JA!

Dagens finansieringsordning er truleg den beste for å sikre ei brei folkekyrkje i framtida. I dagens ordning står kommunane for 2/3 av kyrkja sine inntekter. Dersom ein skal sikre at kommunane skal vere delaktiv i finansieringa av kyrkja på linje med i dag, må organet som kommunen skal yte tilskot til, ligge nærast mogleg kommunen. Nærleiken til kommunen er svært viktig. Denne modellen bidreg til at lokalpolitikarane kjenner ansvar og eigarskap til lokalkyrkja si drift.

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar:

Fell dagens finansieringsordning bort, vil livssynsavgift vere den beste ordninga, ei avgift som vert gjort gjeldande for alle trus- og livssynssamfunn. Ei slik avgift vil truleg føre til utmeldingar, men ikkje i same grad som om ein vel medlemsavgift som finansieringsordning. Men begge type avgifter vil truleg føre til stor økonomisk utrygghet og er svært lite ønskjeleg, når målet er å sikre ei brei og landsdekkande folkekyrkje.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar:

Ein må i alle fall sikre at det ikkje vert meir enn 3 forvaltningsnivå i kyrkja. Det er lokalt dei største resursane må setjast inn – kyrkja må byggjast nedanfrå – *det som ikkje skjer lokalt, det skjer ikkje*. Ved å etablere større einingar på mellomnivå (justert fellesrådsnivå) vil ein mange stader kunne drifte langt meir effektivt enn i dag. Med meir robuste fellesråd vil ein kunne styrke kompetansen og gi moglegheit for auka spesialisering og arbeidsdeling, særleg på forvaltingsområda.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Vi meiner det vert vanskeleg å sette absolutte kriterier for soknestorleik og inndeling, men at dette må vere gjenstand for ein heilskapleg vurdering der mellom anna geografi, tradisjon og folketal tel med.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar: JA!

Ordninga må vidareførast. Soknet treng heilt klart soknerådet som det nære organet med ansvar for det lokale kristeleg livet i kyrkjelydane og som kjenner dei lokale tilhøva best. Men samtidig treng soknet eit representativt organ med noko meir distanse og som samtidig har dei rette styringsinstrument og rett kompetanse til å ivareta øvrige forvaltningsoppgåver. Dersom denne ordninga ikkje vert vidareført, må storleiken på sokna opp. Utover det ganske land vil det vere svært mange sokn som ikkje vil kunne handtere for eksempel det å vere arbeidsgjevar.

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar:

Kommunenivå vil høve nokre stader, mens andre stader vil eit justert prostinivå vere alternativet.

Bispedømmenivået kan ikkje erstatte dagens ordning – det er for fjernt og for langt borte frå soknet for å kunne vere eit organ for soknet.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar: Oppgavefordelinga kan vere om lag som i dag.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar: JA! Dette er ein naturleg konsekvens av ei felles arbeidsgjevarlinje.

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar:

I dagens ordning manglar dei fleste sokn dagleg leiing. Kan vi få det på plass gjennom ei ny kyrkjeordning, vil det vere svært positivt for sokna si verksemd. Vert det større fellestråd, eller eit justert prostinivå som vert arbeidsgjevarnivået, vil dagleg leiing på soknenivå, tvinge seg fram, men små sokn må dele på dagleg leiar. I prinsippet kan kven som helst av soknet sine tilsette ha dagleg leiarfunksjon, men det bør normalt ikkje vere soknepresten.

Dagleg leiar kan ikkje, ut frå habilitetsomsyn, ha fast sete i rådet. Dersom soknepresten vert dagleg leiar, må ordningsreguleringane ta høgde for dette.

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Med vårt forslag vil biskopen ikkje ha arbeidsgjevaransvar. Vi trur dette vil vere ein god og tenleg ordning for kyrkja og for bisperollen. Biskopen sin primærfunksjon skal vere tilsynsfunksjonen med tilsynsansvar for kyrkjelydar og tilsette som i dag - tilsynsorgan for all kyrkjeleg verksemd.

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar:

Tilsynet må få eit noko anna innhald enn i dag. Det vert sagt at for å kunne utøve tilsyn må ein og ha arbeidsgjevaransvaret fullt ut. Tvert i mot, tilsynet vil kunne utførast på ein betre måte, dersom ein ikkje har arbeidsgjevaransvar.

Biskopen skal kunne gje bindande pålegg, og vil slik vere ein parallell til Fylkesmannen sin rolle overfor kommunane. Når Fylkesmannen har talt må kommunane innrette seg deretter, men dette er heilt skild frå arbeidsgjevaransvaret.

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Som i dag.

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar: NEI!

Bispedømmerådet er ikkje eit nødvendig rådsorgan i ein ny kyrkjestruktur og bør såleis verte avvikla som forvaltingsnivå. Kyrkjemøtet har vedteke at talet forvaltingsnivå skal reduserast til tre – eit sentralt(kyrkjemøtet) og eit lokalt(soknet) og eit mellomnivå. Med kommunereforma vil tal kyrkjelege fellelråd verte vesentleg redusert, og forholda ligg til rette for større einingar, som samtidig vil sikre større nærleik og lokal forankring enn kva som ligg i modellen med å oppretthalde bispedømmeråda som mellomnivå.

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Svar: INGEN

Jf. Svar på spørsmål 14: Bispedømmerådet er ikkje eit nødvendig rådsorgan i ein ny kyrkjestruktur.

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar: JA!

Alle tilsette som har sitt virke i kyrkja på lokalt nivå bør ha same arbeidsgjevar. Dette felles arbeidsgjevarorganet må representere soknet, og vi meiner at eit justert fellelråd-/prostnivå er best eigna. Både fordi ein då sikrar nærleik til dei tilsette og større nærleik mellom bevilgande myndigheit og rådsorganet, enn om bispedømmerådet vert arbeidsgjevar.

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar:

Arbeidsgjevarfunksjonane må fullt ut ligge i det nye Mellomnivået som utøver arbeidsgjevarfunksjonen på vegne av soknet. Soknet må framleis lovfestast som eige rettssubjekt. Biskopen er friteke alt arbeidsgjevaransvar.

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar:

I svært liten grad, men variasjonar vil det verte mellom by og land. Der mellomnivåa ikkje vert store nok, må det vere høve til samarbeid mellom fleire mellomnivå.

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre vigslede tjenester?

Svar:

Prestetenesta og andre vigsle medarbeidarane skal stå under tilsyn av biskopen. Vidare må det i kvart arbeidsgivarorgan (justert fellestråd) vere ein kyrkjefagleg leiar som særleg ivaretek den kyrkjelege identiteten, og som leier den kyrkjefaglege verksemda. Prestetenesta sitt sjølvstende har sitt grunnlag i ordinasjonen, og oppgåveutføringa vert ikkje påverka av arbeidsgivarspørsmålet.

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar:

Kyrkjemøtet er det sentrale rettssubjekt sitt øvste organ. Kyrkjemøtet skal som i dag vedta retningslinjer som gjeld heile kyrkja. I tillegg bør Kyrkjemøtet vere organet som arbeider inn mot Staten i budsjettspørsmål/bevilgningsspørsmål.

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar:

Kyrkjemøtet er sett saman av representantar for sokna i bispedøma, gjerne med om lag same tal representantar som i dag. For å sikre demokratisk legitimitet og unngå demografiske skeivheter skjer valet med ei kombinert valordning, der det er både ein direkte valomgang på om lag halvparten av medlemmene og ein indirekte valordning i dei (justerte) fellestråda/prostia for resterande halvpart.

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Svar:

Ikkje vurdert.

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar: Ikkje vurdert.

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar:

Kyrkerådet skal som i dag vere Kyrkjemøtet sitt arbeidsutval med delegerte fullmakter og som førebur saker for Kyrkjemøtet.

Kyrkerådet skal veljast av og mellom kandidatane på Kyrkjemøtet. Kvart bispedøme må vere representert i kyrkerådet.

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar: Nei!

Kan bispemøtet overta Lærenemnda sitt ansvarområde?

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Som i dag. Samisk kirkeråd må framleis vere eit råd under Kyrkjemøtet og vert oppnemnt som i dag.

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Det kyrkjelege ungdomsdemokratiet og ungdomane sin stemmerett på Kyrkjemøtet bør ha heimel i ny kyrkjeordning.